

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
072/2018	Formannskapet	PS	03.10.2018
006/2018	Ungdomsrådet	PS	02.10.2018
013/2018	Funksjonsnedsettes Råd	PS	01.10.2018
012/2018	Eldrerådet	PS	01.10.2018
004/2019	Kommunestyret	PS	06.02.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ingvild Hovind	K1 - 140	16/1193

### Kommuneplanens samfunnsdel 2018-2030

#### Forslag til vedtak:

- Kommuneplanens samfunnsdel 2018-2030 vedtas og sendast på høyring.

#### Vedtak som innstilling frå Formannskapet 03.10.2018

Rådmannen legg fram eit vedlegg med konkrete og målbare mål for dei 5 temaområdene i planen til kommunestyrebehandlinga av samfunnsdelen.

Formannskapet sett ned ei tverpolitisk gruppe, der alle partier blir invert til å delta, som skal utarbeida innstilling på endringsforslag til kommunestyret.

Kommuneplanens samfunnsdel 2018-2030 vedtas med endringsforslag og sendast på høyring. Enstemmig vedtatt.

#### Eldrerådet - 012/2018

##### **ELD - behandling:**

Kommuneplanlegger Ingvild Hovind la frem forslaget til kommuneplan og orienterte om innholdet. Det skal være trygt og godt å bli gammel i Sauda. Vi ønsker et godt og variert tilbud. Det som spesielt er viktig for Sauda Eldreråd er at vi har trygge og gode ordninger for de mest svakstilte i byen vår. Vi har 790 pensjonister og 757 personer som bor alene. For å motarbeide ensomhet, er det viktig med gode møteplasser. Dette står nevnt i planen for 2018 - 2030. Planen ønsket flere møteplasser, men for å spare penger, la kommunen ned en god og vell innarbeid møteplass for eldre i 2018, på Høllandsheimen (som ikke er etter planen).

##### **ELD - vedtak:**

Kommuneplanens samfunnsdel 2018 - 2030 er en godt dokumentert plan. Nå gjelder det å fylle planen med godt innhold.

Planen sendes på høyring og vedtas med følgende tillegg til oversikt til planer i kommunen:

Kommunestyrevedtak 10.02.2016, vedtok følgende: Gruppe som skal komme med forslag til

framtidig organisering av det totale omsorgsarbeidet.  
Enstemmig vedtatt

## Funksjonsnedsettes Råd - 013/2018

### **FUN - behandling:**

Ingvild Hovind, kommuneplanlegger orienterte om kommuneplanen, samfunnsdelen. Utarbeidet en visjon: Sydande Sauda - eit kraftsenter - vedtatt politisk i kommunestyret. KRAFT: Kraftsenter, reiseliv og næringsutvikling, attraktiv, framtidsrettet, trivelig. Utfordring. Vedtak om vekst i folketall og arbeidsplasser sett i forhold til demografi og færre innbyggere. Større vekst i gruppen eldre framover.

Planen skal svare på bestilling om vekst i folketall.

### **Temaområder**

- Verdiskaping og næringsutvikling
- Innovasjon, samarbeid og samskaping
- Leva i Sauda
- Tettstedsutvikling
- Energi, klima og miljø
- Arealstrategi

Planen har langsiktige mål, dette vil me, og dette skal me.

Sentrumsplanen er meldt oppstart på - vi er med i et tettstedsprosjekt. Der jobbes det med et forarbeid for sentrumsplanen. Visualisering av tegninger m.m. Fått midler til planlegging. Midlene skal brukes til studier, får på plass masse ideer. Folkemøter m.m. Oppstart av prosjektet senest tidlig 2019.

### **Funksjonsnedsettes Råd har følgende innspill i forhold til kommuneplanen**

Offentlig transport og sømløs reise er viktig for Funksjonsnedsettes Råd.

Syn- og hørselskontakter. Anbefaler interkommunalt samarbeid for syn- og hørselskontakt slik det blir gjort i Hordaland. Alle kommunene i Hordaland er med på dette inkludert fylket.

Medlemskontingent dekker tilbud og opplæring. Ber Sauda gjøre et framstøt til nærliggende kommuner og fylket for å se om vi kan få på plass en liknende ordning som Hordaland har.

Funksjonsnedsettes Råd understreker at verdig alderdom er viktig.

Funksjonsnedsettes råd mener at kommunen bør tilrettelegge for flere serviceboliger for eldre. Kartlegging av behov for tilrettelagte plasser i Torsveien/Bøgata.

### **FUN - vedtak:**

Funksjonsnedsettes Råd.

Offentlig transport og sømløs reise er viktig for Funksjonsnedsettes Råd.

Syn- og hørselskontakter. Anbefaler interkommunalt samarbeid for syn- og hørselskontakt slik det blir gjort i Hordaland. Alle kommunene i Hordaland er med på dette inkludert fylket.

Medlemskontingent dekker tilbud og opplæring. Ber Sauda gjøre et framstøt til nærliggende kommuner og fylket for å se om vi kan få på plass en liknende ordning som Hordaland har.

Funksjonsnedsettes Råd understreker at verdig alderdom er viktig.

Funksjonsnedsettes råd mener at kommunen bør tilrettelegge for flere serviceboliger for eldre.

Kartlegging av behov for tilrettelagte plasser på samme måte som Torsveien/Bøgata.

Enstemmig vedtatt.

### Ungdomsrådet - 006/2018

#### **UNG - behandling:**

Ingvild Hovind orienterte om Kommuneplanen.

Videreutvikle MOT i hele kommunen. Videregående skule er ikke med på MOT (fylkeskommunalt) - det arbeides med å få med Vidaregåande skule.

Det skal arbeides for at Ungdomsrådet er aktivt og deltar i prosesser som har med utvikling av Sauda.

#### **Innspill til Kommuneplanen fra Ungdomsrådet**

Det er viktig for Ungdomsrådet at de får en reell innvirkning i samfunnsutviklingen.

Møteplasser: Ungdomsklubben - ungdomsrådet stiller spørsmål om åpningstidene til ungdomsklubben og ber om at ønsket om utvidet åpningstider blir diskutert.

"Hent Meg" ordningen går ikke mellom kl 1330 - 1600 og det er da ungdommen trenger det mest.

Shuttle bus til skisenter.

Transport mellom Sauda og Stavanger er viktig for ungdommen, også tilbudet for transport til Haugesund er viktig.

Trygge samferdsesårer ut og inn av Sauda er viktig.

Ny bane for volleyball, mer fokus på aktivitet.

Kaien - mangler venterom/skur.

#### **UNG - vedtak:**

##### **Innspill til Kommuneplanen fra Ungdomsrådet**

Det er viktig for Ungdomsrådet at de får en reell innvirkning i samfunnsutviklingen.

Møteplasser: Ungdomsklubben - ungdomsrådet stiller spørsmål om åpningstidene til ungdomsklubben og ber om at ønsket om utvidet åpningstider blir diskutert.

"Hent Meg" ordningen går ikke mellom kl 1330 - 1600 og det er da ungdommen trenger det mest, gjelder Sauda Vidaregåande skule.

Shuttle bus til skisenter.

Transport mellom Sauda og Stavanger er viktig for ungdommen, også tilbudet for transport til Haugesund er viktig.

Trygge samferdselssårer ut og inn av Sauda er viktig.

Ny bane for volleyball, mer fokus på aktivitet.

Kaien - mangler venterom/skur.

Enstemmig vedtatt.

### Formannskapet - 072/2018

#### **FOR - behandling:**

Rådmannen legg fram eit vedlegg med konkrete og målbare mål for dei 5 temaområdene i planen til kommunestyrebehandlinga av samfunnsdelen.

Formannskapet sett ned ei tverpolitisk gruppe, der alle partier blir invert til å delta, som skal utarbeida innstilling på endringsforslag til kommunestyret.

Kommuneplanens samfunnsdel 2018-2030 vedtas med endringsforslag og sendast på høyring.

Rådmannen orienterte om saken. Samfunnsdelen er til behandling nå, og arealdelen blir lagt fram etterpå.

Asbjørn Birkeland, SP - arealdelen sendes ut i løpet av uken, eller mandag. Det blir et ekstraordinært formannskapsmøte 15. oktober hvor arealdelen behandles. Samfunnsplan og arealdel behandles samlet i kommunestyremøtet 24. oktober.

Dagfinn Birkeland, H

Lillian Nordengen, SP

Asle Rafdal, AP

Kristian Landro, KrF

Asbjørn Birkeland, SP

Sigrid Bojesen Fatnes, SP

Rådmannen svarte på spørsmål og innspill som kom fram under debatten. Viste til nasjonale og regionale føringer. Viste til at noen problemstillinger som er belyst vil bli løftet fram i arealdelen. Et høyringsvar fra en politisk gruppe kan innarbeides i forkant av endelig behandling.

Datasenter kommer tydeligere fram i arealdelen.

#### **FOR - vedtak:**

Rådmannen legg fram eit vedlegg med konkrete og målbare mål for dei 5 temaområdene i planen til kommunestyrebehandlinga av samfunnsdelen.

Formannskapet sett ned ei tverpolitisk gruppe, der alle partier blir invert til å delta, som skal utarbeida innstilling på endringsforslag til kommunestyret.

Kommuneplanens samfunnsdel 2018-2030 vedtas med endringsforslag og sendast på høyring.

Enstemmig vedtatt.

#### Kommunestyret - 004/2019

#### **KOM - behandling:**

Enstemmig vedtatt.

#### KOMMUNEPLANENS SAMFUNNSDEL

Endringsforslag frå tverpolitisk gruppe Kristian Landro (KrF, leiar), Ivar Johannes Handeland (Sp), Asle Rafdal (Ap), Lisa Stornes (Sv), Dagfinn Birkeland (H) og Asbjørn Birkeland (Sp, sekretær):

Endringsforslag frå tverpolitisk gruppe til Kommuneplanens Samfunnsdel:

Kommuneplanens samfunnsdel 2019-2031 vedtas med følgende endringar og sendast på høyring.

Side 1

Overskrift endres til KOMMUNEPLAN 2019-2031. Bunntekst på alle sider endres til KOMMUNEPLANENS SAMFUNNSDEL 2019-2031

Side 7

## Samferdselsutfordringar

Erstatta eksisterande tekst med:

Sauda er i ei særstilling og ligg med stor avstand til regionsentre, byar og flyplassar. Sauda ligg der det gjer geografisk. Dette kjem også fram i vedtatt samferdselsstrategi for Rogaland; På grunn av den store avstanden til de største bo- og arbeidsmarkedsregioner i Rogaland danner Sauda, Suldal og Utsira egne regioner. Me har og utfordringar når det gjeld sikker og open veg; Trafikksikkerhet, Svandalsfoss-problematikk og berre ein veg ut av bygda (vinterstengt og islagt fjord). Ei vegutløysing mot E134 aukar den lokale bu- og arbeidsmarknaden, og forbindelse til eit større handelsomland for næringslivet både i Sauda og i Sunnhordland. Ny veg er ikkje ei vegutløysing for å kome raskare til Etne. Vegen er svært viktig som ein langsiktig strategi for å styrke Saudasamfunnet og gjera kommunen meir robust for endringar og gi mange nye muligheter for samarbeid mellom kommunar og regionar.

I eit lengre perspektiv vil ein høgfartsbane med stasjon i Sauda gi muligheter for pendling og transport over store deler av Sør-Noreg. Det vil difor vere viktig at kommunen er ei drivkraft i å få prosjektet høgare på politisk dagsorden. Langsiktig mål i perioden er å få prosjektet inn i NTP.

Sauda har svært begrensa kollektivtilbod inn og ut av kommunen. Kollektivtransport på fjorden med hurtigbåt er derfor avgjerande for å kunne ha felles bu- og arbeidsmarknad med deler av Suldal kommune, samt å komma seg til regionsenteret Stavanger og er det einaste kollektivtransportmiddelet som kan konkurrera med personbil på reisetid. Hurtigbåt er og svært viktig for den vidaregåande skulen i Sauda og på Sand. Styrking av hurtigbåttilbod til Stavanger og busstilbod mot Haugesund vil gjera Saudasamfunnet meir attraktivt.

Side 8

Erstatte oversikt over temaområder med oversikt som viser konkrete og målbare mål for dei 5 temaområdene utarbeida av rådmann. (vedlagt saka)

Side 13

Kapittel Temaområder, Tema Energi, klima og miljø

Ny tekst:

Kortare veg til E134 gir kortare avstandar og mindre drivstoffutslepp både aust, nord og vestover. Høgfartsbane vil gi betydeleg miljøvinst innan person- og godstransport og ny teknologi på hurtigbåtar vil gi store miljøeffektar.

Side 14

Verdiskaping og næringsutvikling, Legga til rette for utvikling av fleire arbeidsplassar og bedrif-er i Sauda. Me skal:

Ny tekst:

Arbeida for vegutløysing mot E134 som aukar radiusen for lokal bu- og arbeidsmarknad, og forbindelse til eit større handelsomland for næringslivet både i Sauda og i Sunnhordland.

Me skal legge særskilt til rette for næringar som reiseliv, fritidsbustader/hytter, kraftforedlende industri som datasenter og prosessindustri, maritim industri og industri basert på fjernvarme.

Me skal arbeida for at Sauda blir ein attraktiv plass å bu for å skapa rekruttering til eksisterande og nytt næringsliv. Utføre tiltak som skapar attraktivitet og bulyst.

Side 15

Sauda kommune skal vera kjent som ein utviklingsorientert kommune. , Me skal:

Ny tekst:

Driva organisasjonsutvikling og utvikla ein strategi for å rekruttera og behalda dyktige arbeidstakarar og etablere ein arena for organisasjonsutvikling og kompetanseheving.

Ny tekst:

Legga til rette for utvikling av digital infrastruktur i heile kommunen.

Side 18

I Sauda skal me ha mangfaldige bustader og gode, levande nærmiljø, Me skal:

Ny tekst:

Legga opp til vekst, med fortetting i og rundt sentrum og Saudasjøen, og ha mangfold og attraktive bustadområder i heile kommunen.

Side 19

Kulturminne og kultur-miljø er viktig for iden-titet, tilknytning og næringsutvikling i Sauda. Me skal:

Fjerne setning:

Fullføra arbeidet med kulturminneplan for Sauda.

Side 20

Utvikla Sauda som ein kompakt småby med eit tydeleg fokus på grøn kraft og grøn mobilitet. Me skal:

Fjerne setning:

Legga til rette for innovasjon og grøn næringsutvikling. Kommunen skal samarbeida med næringsliv og forskingsmiljø.

Tilpassa oss forventa klimaendringar og ha god beredskap, Me skal:

Fjerne setning:

Sauda kommune skal vera i forkant av utviklinga og vera best mogeleg rusta til å minimere negative konsekvensar av klimaendringar.

Side 21

Sauda er ein attraktiv og tilgjengeleg kommune for folk og næringsliv. Me skal:

Ny tekst:

Aktivt legga til rette for utvikling av ny infrastruktur, internt i kommunen og regionalt. Det prioriterte prosjektet er ny veg mot E 134 i Etne. Me skal arbeida for å sikra ressursar til finansiering av ny infrastruktur, bygga alliansar regionalt og nasjonalt, og driva samordna påverknad av beslutningstakarar.

Fjerne setning:

Framtidig arealutvikling skal hovudsaklig skje innanfrå.

Ny tekst:

Gode vegar til dalførene, kapasitet på parkering sommar og vinter nær utfartsområda, og fokus på brøyting og vedlikehald vil auka bruken av sentrum.

Arbeida for å styrka kollektivtilbodet inn og ut av kommunen. Hurtigbåttilbodet mot Stavanger og buss mot Haugesund er dei einaste kollektivvegane inn og ut av kommunen. Me skal arbeida i lag med Rogaland Fylkeskommune og Kolumbus for å styrka desse.

Fjerne ordet kjekt i setningen:

Sauda er ein mangfaldig og interessant stad for innbyggjarar, besøkande og næringsliv  
Det skal vera kjekt, lett og trygt å gå og sykle. Me skal prioritera tilrettelegging for fotgjengarar og sykkel.

Ny tekst:

Legga til rette for varierte sentrumsnære bustadar. Me skal driva ein heilskapleg bustadpolitikk med tilstrekkeleg og variert bustadbygging som tåler befolkningsendringar i heile kommunen.

Fjerne setning etter komma:

Kartlegga bustadpotensialet i eksisterande byggeområder, fortetta og endra før nye utbyggingsområde tas i bruk. Prinsippa for lokalisering av arbeidsplassar og bustader skal leggest til grunn.

Ny tekst:

Vidareutvikla Nasjonal Turistveg som reiselivsprodukt og bruka denne som samarbeidsplattform i reiselivsutvikling.

Side 22

Vidareutvikla Sauda som bustads- og reisemål. Me skal:

Fjerne setning:

Unngå nedbygging av dyrka mark og setervoller.

Byggeområda får gode føreseielege vilkår for vidare utvikling. Me skal:

Ny tekst:

B. Handel som er mindre besøksintensiv, og meir areal- og transportkrevjande skal liggja i område utanfor sentrumskjernen, som td. på Treaskjæret.

Ny tekst:

Birkeland vidareutviklast som nærings- og landbruksområde.  
Området dimensjonerast for å dekkja langsiktige behov for nærings- og landbruksareal.

Ny tekst:

Svandalen Fritidsbebyggelse med større areal og høg utnytting (landsbypreg). Næring tilknytta skisenteret etableres rundt alpinanlegget. Legge til rette for ein vidareutvikling av skisenteret og etablere turløyper som knytter saman Svandal og Lyngmyr til eit samanhengande løypenett.

Ny tekst:

Bygga inntil 1000 nye fritidsbustader, på eksisterende og nye byggeområder, med grunnlag i kvalitet, lokal verdiskaping og berekraftig material- og ressursbruk. Det skal utviklast berekraftige og varierte

områder for mangfoldige fritidsbebuarar med utgangspunkt i 3 prinsipp:  
Landsby; retta mot vidare utvikling av Svandalen.  
Klynger; Gjeld vidare utvikling av etablerte byggeområder i dalføra.  
Tun; gjeld høgareliggande område, eldre støls-og hytteområde og sjønære områder.

Ny tekst:

Unngå nedbygging av dyrka og dyrkbar mark.

Administrasjonen får fullmakt til redaksjonelle endringar for å retta opp openbare feil i tekst før planen sendes på høyring.

Enstemmig vedtatt.

Kristian Landro, KrF  
Kjell Reidar Austarheim, AP  
Dagfinn Birkeland, H  
Ivar Johannes Handeland, SP  
Asle Rafdal, AP  
Lisa Stornes, SV

#### **KOM - vedtak:**

Enstemmig vedtatt.

#### **KOMMUNEPLANENS SAMFUNNSDEL**

Endringsforslag frå tverpolitisk gruppe Kristian Landro (KrF, leiar), Ivar Johannes Handeland (Sp), Asle Rafdal (Ap), Lisa Stornes (Sv), Dagfinn Birkeland (H) og Asbjørn Birkeland (Sp, sekretær):

Endringsforslag frå tverpolitisk gruppe til Kommuneplanens Samfunnsdel:

Kommuneplanens samfunnsdel 2019-2031 vedtas med følgende endringar og sendast på høyring.

Side 1

Overskrift endres til KOMMUNEPLAN 2019-2031. Bunntekst på alle sider endres til KOMMUNEPLANENS SAMFUNNSDEL 2019-2031

Side 7

Samferdselsutfordringar

Erstatta eksisterande tekst med:

Sauda er i ei særstilling og ligg med stor avstand til regionsentre, byar og flyplassar. Sauda ligg der det gjer geografisk. Dette kjem også fram i vedtatt samferdselsstrategi for Rogaland; På grunn av den store avstanden til de største bo- og arbeidsmarkedsregioner i Rogaland danner Sauda, Suldal og Utsira egne regioner. Me har og utfordringar når det gjeld sikker og open veg; Trafikksikkerhet, Svandalsfoss-problematikk og berre ein veg ut av bygda (vinterstengt og islagt fjord). Ei vegutløysing mot E134 aukar den lokale bu- og arbeidsmarknaden, og forbindelse til eit større handelsomland for næringslivet både i Sauda og i Sunnhordland. Ny veg er ikkje ei vegutløysing for å kome raskare til Etne. Vegen er svært viktig som ein langsiktig strategi for å styrke Saudasamfunnet og gjera



kommunen meir robust for endringar og gi mange nye muligheter for samarbeid mellom kommunar og regionar.

I eit lengre perspektiv vil ein høgfartsbane med stasjon i Sauda gi muligheter for pendling og transport over store deler av Sør-Noreg. Det vil difor vere viktig at kommunen er ei drivkraft i å få prosjektet høgare på politisk dagsorden. Langsiktig mål i perioden er å få prosjektet inn i NTP.

Sauda har svært begrensa kollektivtilbod inn og ut av kommunen. Kollektivtransport på fjorden med hurtigbåt er derfor avgjerande for å kunne ha felles bu- og arbeidsmarknad med deler av Suldal kommune, samt å komma seg til regionsenteret Stavanger og er det einaste kollektivtransportmiddelet som kan konkurrera med personbil på reisetid. Hurtigbåt er og svært viktig for den vidaregåande skulen i Sauda og på Sand. Styrking av hurtigbåttilbod til Stavanger og busstilbod mot Haugesund vil gjera Saudasamfunnet meir attraktivt.

Side 8

Erstatte oversikt over temaområder med oversikt som viser konkrete og målbare mål for dei 5 temaområdene utarbeida av rådmann. (vedlagt saka)

Side 13

Kapittel Temaområder, Tema Energi, klima og miljø

Ny tekst:

Kortare veg til E134 gir kortare avstandar og mindre drivstoffutslepp både aust, nord og vestover. Høgfartsbane vil gi betydeleg miljøvinst innan person- og godstransport og ny teknologi på hurtigbåtar vil gi store miljøeffektar.

Side 14

Verdiskaping og næringsutvikling, Legga til rette for utvikling av fleire arbeidsplassar og bedrif-er i Sauda. Me skal:

Ny tekst:

Arbeida for vegutløyising mot E134 som aukar radiusen for lokal bu- og arbeidsmarknad, og forbindelse til eit større handelsomland for næringslivet både i Sauda og i Sunnhordland.

Me skal legge særskilt til rette for næringar som reiseliv, fritidsbustader/hytter, kraftforedlende industri som datasenter og prosessindustri, maritim industri og industri basert på fjernvarme.

Me skal arbeida for at Sauda blir ein attraktiv plass å bu for å skapa rekruttering til eksisterande og nytt næringsliv. Utføre tiltak som skapar attraktivitet og bulyst.

Side 15

Sauda kommune skal vera kjent som ein utviklingsorientert kommune. , Me skal:

Ny tekst:

Driva organisasjonsutvikling og utvikla ein strategi for å rekruttera og behalda dyktige arbeidstakarar og etablere ein arena for organisasjonsutvikling og kompetanseheving.

Ny tekst:

Legga til rette for utvikling av digital infrastruktur i heile kommunen.

Side 18

I Sauda skal me ha mangfaldige bustader og gode, levande nærmiljø, Me skal:

Ny tekst:

Legga opp til vekst, med fortetting i og rundt sentrum og Saudasjøen, og ha mangfold og attraktive bustadområder i heile kommunen.

Side 19

Kulturminne og kultur-miljø er viktig for iden-titet, tilknytning og næringsutvikling i Sauda. Me skal:

Fjerne setning:

Fullføra arbeidet med kulturminneplan for Sauda.

Side 20

Utvikla Sauda som ein kompakt småby med eit tydeleg fokus på grøn kraft og grøn mobilitet. Me skal:

Fjerne setning:

Legga til rette for innovasjon og grøn næringsutvikling. Kommunen skal samarbeida med næringsliv og forskingsmiljø.

Tilpassa oss forventa klimaendringar og ha god beredskap, Me skal:

Fjerne setning:

Sauda kommune skal vera i forkant av utviklinga og vera best mogeleg rusta til å minimere negative konsekvensar av klimaendringar.

Side 21

Sauda er ein attraktiv og tilgjengeleg kommune for folk og næringsliv. Me skal:

Ny tekst:

Aktivt legga til rette for utvikling av ny infrastruktur, internt i kommunen og regionalt. Det prioriterte prosjektet er ny veg mot E 134 i Etne. Me skal arbeida for å sikra ressursar til finansiering av ny infrastruktur, bygga alliansar regionalt og nasjonalt, og driva samordna påverknad av beslutningstakarar.

Fjerne setning:

Framtidig arealutvikling skal hovudsaklig skje innanfrå.

Ny tekst:

Gode vegar til dalførene, kapasitet på parkering sommar og vinter nær utfartsområda, og fokus på brøyting og vedlikehald vil auka bruken av sentrum.

Arbeida for å styrka kollektivtilbodet inn og ut av kommunen. Hurtigbåttilbodet mot Stavanger og buss mot Haugesund er dei einaste kollektivvegane inn og ut av kommunen. Me skal arbeida i lag med Rogaland Fylkeskommune og Kolumbus for å styrka desse.

Fjerne ordet kjekt i setningen:

Sauda er ein mangfaldig og interessant stad for innbyggjarar, besøkande og næringsliv

Det skal vera kjekt, lett og trygt å gå og sykle. Me skal prioritera tilrettelegging for fotgjengarar og sykkel.

Ny tekst:

Legga til rette for varierte sentrumsnære bustadar. Me skal driva ein heilskapleg bustadpolitikk med tilstrekkeleg og variert bustadbygging som tåler befolkningsendringar i heile kommunen.

Fjerne setning etter komma:

Kartlegga bustadpotensialet i eksisterande byggeområder, fortetta og endra før nye utbyggingsområde tas i bruk. Prinsippa for lokalisering av arbeidsplassar og bustader skal leggest til grunn.

Ny tekst:

Vidareutvikla Nasjonal Turistveg som reiselivsprodukt og bruka denne som samarbeidsplattform i reiselivsutvikling.

Side 22

Vidareutvikla Sauda som bustads- og reisemål. Me skal:

Fjerne setning:

Unngå nedbygging av dyrka mark og setervoller.

Byggeområda får gode føreseielege vilkår for vidare utvikling. Me skal:

Ny tekst:

B. Handel som er mindre besøksintensiv, og meir areal- og transportkrevjande skal liggja i område utanfor sentrumskjernen, som td. på Treaskjæret.

Ny tekst:

Birkeland vidareutviklast som nærings- og landbruksområde.

Området dimensjonerast for å dekkja langsiktige behov for nærings- og landbruksareal.

Ny tekst:

Svandalen Fritidsbebyggelse med større areal og høg utnyting (landsbypreg). Næring tilknytta skisenteret etableres rundt alpinanlegget. Legge til rette for ein vidareutvikling av skisenteret og etablere turløyper som knytter saman Svandal og Lyngmyr til eit samanhengande løypenett.

Ny tekst:

Bygga inntil 1000 nye fritidsbustader, på eksisterende og nye byggeområder, med grunnlag i kvalitet, lokal verdiskaping og berekraftig material- og ressursbruk. Det skal utviklast berekraftige og varierte områder for mangfaldige fritidsbebuarar med utgangspunkt i 3 prinsipp:

Landsby; retta mot vidare utvikling av Svandalen.

Klynger; Gjeld vidare utvikling av etablerte byggeområder i dalføra.

Tun; gjeld høgareliggende område, eldre støls- og hytteområde og sjønære områder.

Ny tekst:

Unngå nedbygging av dyrka og dyrkbar mark.

Administrasjonen får fullmakt til redaksjonelle endringar for å retta opp openbare feil i tekst før planen sendes på høyring.

Enstemmig vedtatt.

Administrasjonen får fullmakt til redaksjonelle endringar for å retta opp openbare feil i tekst før planen sendes på høyring.

Enstemmig vedtatt.

**Vedlegg:**

Kommuneplanens samfunnsdel 2018-2030, 19.09.2018

Referat fra regional planforum 4.juli

Innspel kafe-dialog 12.12.2017

oppsamling visjonsworkshop

Mitt sauda 2030, oppsummering

Visjon for Sauda 2030, medverknad

Presentasjon\_visjon 220218

ReferatSauda

Konkretisering av mål

**Saksopplysninger:**

**Føremål med saka**

Førstegangs handsaming av kommuneplanens samfunnsdel 2018-2030, for Sauda kommune.

Kommuneplanens arealdel med plankart, føresegner, retningslinjer og konsekvensutgreiing kjem i eiga sak.

**Samandrag**

I samsvar med plan- og bygningslova skal kommunen ha ein kommuneplan som omfattar ein samfunnsdel med handlingsdel og ein arealdel. I planstrategien, vedtatt av kommunestyret den 21.09.2016, vart det bestemt at kommuneplan for Sauda frå 2012 skulle reviderast. Både samfunns- og arealdelen.

Kommuneplanen er planen for korleis me skal møte framtida, og korleis me vil utvikla samfunnet vårt fram mot 2030. Langsiktige målsettingar, og ei prioritert utviklingsretning skal sikra berekraftig utvikling for kommunen som samfunn, forvaltar og organisasjon. Me skal handtera samfunnsutfordringane våre som dei er no, og samtidig leggja til rette for utvikling av kommunen på lang sikt. Framlegget til kommuneplan inneheld grep for at kommunen skal kunna styra utviklinga mot kommunens visjon, og nå måla om å utvikla eit berekraftig samfunn fleire arbeidsplassar og fleire folk.

Planprogrammet avgrensa samfunnsdelen til å omfatta:

- Verdiskaping
- Innovasjon, samarbeid og samskaping
- Liv i Sauda

- Tettstadutvikling
- Klima og miljø (og energi).
- Samfunnssikkerhet og beredskap

Forslag til ny kommuneplan er basert på planprogram vedtatt 04.10.2017, visjon for Sauda og vedtak i formannskapet.

### **Lover og reglar**

Gjeldande planar, retningslinjer og vedtak :

#### [Plan- og bygningslova](#)

#### [Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging](#)

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging skal fremje berekraftig utvikling, og skal leggast til grunn for arbeidet med planstrategi og kommunale planar. Intensjonen er å skapa god samanheng mellom nasjonal, regional og kommunal planlegging, og skapa føreseielege og målretta planar. Kommunen har ansvar for at planar og avgjerder er baserte på eit godt og oppdatert kunnskapsgrunnlag, og at ein sikrar nasjonale og viktige regionale interesser.

Involvering av publikum, styresmakter, partar og interesseorganisasjonar er sentralt. Dette kan bidra til å redusere konfliktnivå, redusera tidsbruken og til å betra kvaliteten på planane. Berekraftig areal- og samfunnsutvikling krev bruk av sterkare verkemiddel for sikra effektiv ressursutnytting i areal- og samfunnsutviklinga.

Utdrag frå nasjonale forventningar:

Det forventast at

- Kommunane tar i bruk oppdatert kunnskap om miljø og samfunn.
- Kommunane tek omsyn til viktige verdiar av naturmangfald og landskap, friluftsliv, kulturminne og kulturmiljø,
- Kommunane legg til rette for verdiskaping og næringsutvikling, og innovasjon og vekst i nye og grønne næringar.
- Kommunane samarbeider regionalt om planlegging for verdiskaping, berekraftig næringsutvikling og innovasjon i partnerskap med næringslivet og regionale og lokale aktørar.
- Kommunane planlegg lokalisering utifrå omsynet til samordna bustad-, areal- og transportplanlegging og set av nok areal til næringsutvikling og variert bustadbygging,
- Kommunane sikrar jordbruk og legg til rette for nye og grønne næringar som er knytte til jordbruk og skogbruk.
- Kommunane legg til rette for auka bruk av sykkel og gange i dagleglivet, og sikrar samanhengande gang- og sykkelsamband av høg kvalitet.
- Kommunane legg til rette for ein aktiv og heilskapleg sentrumspolitikkk for å skape eit godt og levande bymiljø, og legg til rette for etablering av bustader, arbeidsplassar, handel, service og sosiale møteplassar i sentrum.
- Kommunane utnyttar potensialet for fortetting og transformasjon før ein tek i bruk nye utbyggingsområde.
- Arkitektur, kulturminne, landskapsverdiar, vatn og grønne element blir tekne aktivt i bruk som

ressursar i sentrumsutviklinga.

- Kommunane sikrar trygge og helsefremjande bu- og oppvekstmiljø, frie for skadeleg støy og luftforureining.
- Kommunane tek vare på naturverdiane og legg til rette for fysisk aktivitet og trivsel for heile folket ved å sikre samanhengande grønne strukturar, opne vassvegar og nær tilgang til område for leik, idrett, rekreasjon og nærfriluftsliv.

[Regionalplan for samordna arealbruk og transport i Ryfylke 2017-2030](#)

<http://www.rogfk.no/content/download/76289/1707292/version/1/file/Areal+og+transport+Haugalandet+2017.pdf>

[Kommunal planstrategi 2017-2020](#)

[Visjon Sauda 2030 vedtatt 14.03.2018.](#)

[Kommunedelplan for oppvekst og kultur, vedtatt i 2015](#)

[Kommunedelplan for helse og omsorg, vedtatt i 2017](#)

[Strategisk næringsplan vedtatt 2017](#)

[Klima- og energiplan, vedtatt 01.09.2010](#)

[Oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar i Sauda.](#)

[Vedtatt i formannskapet om fastsett planprogram 04.10.2017.](#)

[Vedtatt i kommunestyre 21.06.2017 sak 041/17-høyring av planprogram.](#)

[Vedtatt i kommunestyre 08.02.2017 saksnr. 012/1, søknad om pilotprosjekt Attraktive tettstader i distrikta i Rogaland.](#)

Arbeid med kulturminneplan for Sauda er starta.

### **Følgjande vedtak vart fatta i formannskapsmøte 06.06.2018**

*Vedtatt som gjeld arealdelen svarast ut når kommuneplanens arealdel leggast fram til behandling.*

- Strategisk Næringsplans satsingsområde om datasenter og annan energiforedlende virksomhet innarbeidast i samfunnsdelen.

Rådmannens kommentar: Dette er tatt inn i samfunnsdelen.

- Det innarbeidast ein strategi for hyttekommunen Sauda. Det er eit politisk ønske om 1000 nye hytter i Sauda.

Rådmannens kommentar: Dette er tatt inn i samfunns- og arealdelen.

- Samferdselsutfordringar internt og mot omverda omtales i samfunnsdelen. Langsiktige tiltak som vegutløysing mot E134 (Etne-veg), høg fartstog over Haukeli og potensiale for auka bu- og arbeidsmarknad skal vera ein del av strategien til Sauda kommune i planperioden.

Rådmannens kommentar: Dette er tatt inn i samfunns- og arealdelen.

- Formannskapet ønsker fortetting i sentrum, men Sauda kommune må også ivareta mangfald og valfridom, dette må komma sterkare fram i samfunnsdelen og arealdelen. Kommunestyret og Sauda omstilling har i fleire år jobba for nye arbeidsplasser i kommunen. Me går nå inn i realiseringsfasen av dette arbeidet der målsettinga er 5000 innbyggjarar og 2200 arbeidsplasser i Sauda i 2030. Dette må samfunnsdelen ivareta. Vekst i folketal og arbeidsplasser vil føra til etterspørsel i antal bustader og formannskapet ønsker at planen legg opp til 400 nye bueiningar i perioden.

Rådmannens kommentar: Det er rom for utbygging av meir enn 400 bustader i framlegg til ny arealplan. I gjeldande plan er det rom for 107-118 bustader. Transformasjon av eksisterande byggeområder gjev rom for 165-430 bustader. Framlegg til arealplan vil leggja til rette for ca 130 bustader i tillegg til dette.

- Ny kraftforedlende industri er arealkrevande. Formannskapet ber rådmannen gå i dialog med grunneigarar i aksa Austarheim - Løyning - Hellandsbygd med mål om å leggja inn meir næringsareal til kraftkrevande industri.

Rådmannens kommentar: Forslag til nye areal tas inn i framlegg til arealplan.

- Formannskapet ønsker ikkje reduksjon i arealstorleik på fritidsbustader frå gjeldane kommuneplan. Tidlegare vedtak om større hytter i Svandalen enn i resten av kommunen står fast.

Rådmannens kommentar: Det er behov for å styra interessene mellom mellom nye fritidsbustader, eksisterande bygningsmiljø, natur- og opplevingskvalitetar. Differensiering av byggestorleik gjer høve til å leggja til rette for varierte og mangfaldige fritidsbustader. Rådmannen foreslår derfor tre prinsipp for tilrettelegging av fritidsbustader i framlegg til kommuneplan. Dette forslaget leggst inn i arealstrategien.

1. **Landsby:** Svandalen tilretteleggast for store fritidsbustader inntil 140 m<sup>2</sup>, tilknytta veg, vatn, avlaup og fiber. Området utviklast tett og «bymessig, som «Alpelandsbyar».
2. **Hyttekllynger:** Fritidsbustader inntil 100 m<sup>2</sup> med felles parkeringsplassar. Tilkopla tilrettelagte stiar og løyper. Framføring av infrastruktur vurderast med omsyn til naturinngrep og landskapsverknad..
3. **Tun og frittliggande hytter:** Mindre fritidsbustader på inntil 60 m<sup>2</sup>. Felles parkeringsplassar

*og tilknytning til sti/løype. Dette gir rom for skånsom bygging i områder for spreitt utbygging, eller i tilknytning til eldre hytte- og stølsområder, utan at verknaden skapar konflikhtar eller at bygga vert for dominerande. Framføring av infrastruktur vurderast særskilt med omsyn til naturinngrep og landskapsverknad.*

*Prinsipp 1 er retta mot Svandalen. Prinsipp 2 er hovudsakleg retta mot etablerte byggeområder i dalføra. Prinsipp 3 er retta mot høgareliggande område, eldre støls-og hytteområde og sjønære områder (som det er lite av i kommunen).*

### **Folkehelse**

Planen legg til rette for aktivitet og god helse, tilhøyrslø, tryggleik, sosialt mangfald, inkludering, og gode levekår.

### **Konsekvensar for barn, unge, eldre og funksjonsnedsette**

Planen vil gagna barn, unge, eldre og funksjonsnedsette gjennom utviklingsmåla. Tema i planen er oppveksttilhøve, mangfaldige bustader og bustadsområde, gode møteplassar, tilhøyrslø, tryggleik, sosialt mangfald, inkludering og gode levekår. Eit viktig tema er tilrettelegging for auka bruk av gange og sykkel, og tilgjengelighet for alle.

### **Økonomiske konsekvensar**

Målsetnadane i planen skal gje grunnlag for å oppretthalda ein berekraftig økonomi med omsyn til samfunns-utfordringane våre i dag, og for at kommunen skal kunna leggja til rette for utvikling og ha handlingsrom på lang sikt. Økonomisk handlingsrom skal sikrast gjennom strategisk og effektiv ressursbruk. Kommunens innbyggjarar skal gis et så godt tenestetilbod som mogleg innanfor dei økonomiske rammene me har. Ny kommuneplan skal følgast opp i handlings- og økonomiplanen.

### **Fakta**

Forslag til kommuneplanens samfunnsdel byggjer på fastsatt planprogram og visjon for Sauda, og er grunnlaget for dei tema som behandlast i planforslaget.

### **VISJON:**

Kommunen invitererte politikarar, administrasjon, næringsliv, ungdområd og innbyggjarar til utvikling av ein felles visjon for Sauda, og ein strategi for korleis me skal oppnå visjonen.

Visjonsarbeidet tok utgangspunkt i ei oppsummering av innspel frå medverknadsarbeid og kartleggingsarbeid i planprosessen.

Visjonen «Sydande Sauda – eit kraftsenter», og strategien formidlar eit felles mål for å utvikla eit berekraftig samfunn med fleire arbeidsplassar og gode livsvilkår i Sauda. Strategien seier noko om kva prioriteringar me vil gjera for å få til ei ønska samfunnsutvikling. -

### **KOMMUNEPLANENS SAMFUNNSDEL:**



Dette er kommunens strategiske dokument for samfunnsutvikling. Samfunnsdelen er førande for dei løysingar som prioriterast i kommuneplanens arealdel. Samfunnsdelen er delt inn i 5 temaområder og ein overordna arealstrategi.

Dei 5 temaområda er:

- Verdiskaping og næring
- Innovasjon, samarbeid og samskaping
- Leva i Sauda
- Tettstadsutvikling
- Miljø, klima og energi

Temaområda inneheld mål og strategiar for auka verdiskaping og næringsutvikling. Korleis kommunen må riggast for å møte framtidens behov og korleis me skal leva i Sauda.

**Overordna arealstrategi:** Satsingsområda i kommuneplanens samfunnsdel gir føringar som skal følgast opp i arealplanlegginga. Strategien gir overordna føringar for kommunens fysiske utvikling i eit langsiktig perspektiv, og er grunnlaget for revisjon av kommuneplanens arealdel.

### **Vurdering og konklusjon**

Revisjon av kommuneplanen er eit omfattande arbeid, då ein skal finna grep for ei anbefalt heilskapeleg utvikling og samtidig løysa mange små detaljar i eit heilskapeleg framlegg.

Å leggja til rette for ei ukjend framtid, der ein del av aktørane utgjer ein X-faktor er utfordrande. Me kan leggja til rette for at utvikling skal skje, men me må og kunna styra utviklinga. Samtidig har me vedtatte mål om vekst i folketal og fleire arbeidsplassar. Skal me få det til må kommunen vera rigga for utvikling og vera attraktiv for besøkande, næringsliv og innbyggjarar. Kommuneplanen må balansera dette på ein berekraftig måte. Framlegget til plan foreslår strategiar som skal gje rom for både vekst og berekraftig forvaltning.

Kommunen står overfor ei forventna befolkningsutvikling med fleire eldre og færre innbyggjarar i arbeidsfør alder. Samtidig må me ta høgde for endringar i økonomi og tenestetilbod. Om veksten ikkje slår til, så må me kunna styra utviklinga på ein berekraftig måte. Stor andel einebustader, samt behov for meir variasjon i bustader, er bakgrunn for rådmannens forslag til å styra bustadutviklinga mot fortetting og transformasjon av eksisterande bustadsområde og sentrum. Fleire innbyggjarar som bur sentralt gjev enklare forvaltning og meir effektive samfunnsstenester. Korte avstandar er bra for folkehelse, då det gjev rom for meir fysisk aktivitet og skapar meir liv i hjartet av kommunen. God folkehelse kan og vere utløysande for at våre framtidige innbyggjarar kan halda seg friskarar og gje samfunnsbidrag litt lengre. Såleis kan friske eldre bidra til å balansera denne utviklinga i positiv retning.

Satsingsområda i kommuneplanens samfunnsdel gir føringar som skal følgast opp i arealplanlegginga og kommunens fysiske utvikling i eit langsiktig perspektiv. Samfunnsdelen er grunnlaget for revisjon av kommuneplanens arealdel og vil gi føringar for den framtidige plan- og byggesakshandsaminga i

kommunen.

Rådmannen tilrår at kommuneplanens samfunnsdel datert 19.09.2018 vedtas og sendast på høyring.

Sauda, den 19.09.2018  
Rune Kloster Tvedt, rådmann